Lånegjeld, renter og avdrag

	2021	2020	2019	2018	2017
Langsiktig lånegjeld (1.000kr)	1 130 630	1 049 528	1 067 584	1 055 919	1 039 234
Langsiktig lånegjeld, kroner per innbyggar *)	132 906	123 372	126 251	125 735	125 330
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	147,54	150,59	160,68	165,73	168,57

**) Basert på innbyggartal pr. 31.12.2021: 8 597 innb.*

Langsiktig lånegjeld eigne lån var kr 1 065 436 703, formidlingslån var kr 65 193 670 per 31.12.2021.

Ubrukte lånemidlar eigne lån pr. 31.12.2021 var kr 60 417 626, og Startlån kr 13 320 298. Kalkulert avdrag i 2021 kr 39 442 432.

Langsiktig gjeld ekskl. formidlingslån har i 2021 auka med 80,5 mill. kr. Langsiktig gjeld formidlingslån har i 2021 auka med kr 524 602 . Tabellen viser at kommunen si samla lånegjeld i perioden 2017 - 2021 har auka med 91,396 mill.kr.

Av langsiktig gjeld til investeringar kan ein rekne at 212,4 mill. kr gjeld lån innan vatn, avløp, slam og renovasjon, som restverdi pr. 31.12.21 og avskrivingsgrunnlag for VAR-området i 2021.

Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75% av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100% er ugunstig. Giske kommune har ein gjeldsgrad på 147,54, og er av dei høgste i landet.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Investeringsnivå og opptak av lån må rettas slik at lånegjelda ikkje er større enn at utgifter til renter og avdrag vert dekt gjennom løpande inntekter. Det er derfor viktig å ha kontroll på utviklinga av gjeldsnivået. Ein auke i lånegjelda indikerer at kommunen må bruke ein større del av inntektene til å dekkje renter og avdrag. Det historisk lave rentenivået dei siste åra har bidrege til at kommunen har unngått at renter og avdrag tek ein større del av inntektene. På lengre sikt med eit normalt rentenivå vil auka lånegjeld få betydning for rammene til tenesteproduksjon.

Tabellen ovom viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusiv pensjonsforplikterler) fratrukke formidlingslån. Nett lånegjeld har passert grensa i måltalet på maks 100%.

Netto lånegjeld per inbygger

Netto lånegjeld per inbygger var i 2021 kr 132 905 mot kr 123 375 i 2020. Netto lånegjeld per innbygger har hatt ein nedgang på 2,36 prosent sidan 2016.

Soliditet (gjeldsgrad og eigenkapitalprosent)

Solididet måler evnen til å tåle tap. Gjeldsgrad og eigenkapitalprosent gir informasjon om dette. Gjeldsgraden viser forholdet mellom gjeld og eigenkapital. Ein gjeldsgrad på 1 vil sei at kommunen har like stor gjeld som eigenkapital. Til mindre dette forholdstalet er, til meir solid er kommunen. Gjeldsgraden korrigert for pensjonsforpliktelser var i 2021 2,95 mot 3,22 i 2020.

Eigenkapitalprosenten fortel noko om kor stor del av kommunen sine eigedeler som er finanseirt eg eigenkapital. Ved utgangen av 2021 var 18,12 prosent av eigendelane finansiert med eigenkapital, mot 16,3 prosent i 2020.

KOSTRA

	2021	2021	2020	2020	2019	2019
	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 10
Langsiktig gjeld ex pensj.forpl i prosent av brutto driftsinntekter	145	113,7	148	114,9	160	103,6
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	120 995	93 391	107 360	88 071	111 860	72 121
Arbeidskapital ex. Premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	28,1	20,1	22,7	18,8	23,4	20,8

Giske ligg i landstoppen i gjeld. Dette kjem av at det har vore satsa på store investeringar med nytt omsorgssenter og ny barneskule.

Netto lånegjeld i kroner per innbygger er har ein auke med kr 13 635 per inbyggar, eller 12,7 % medan kostragruppa har ein auke på kr 5 320 eller 6 %.

Dette viser at ei sterk prioritering av investeringane har gitt resultat i dempa gjeldsvekst. Giske kommune ligg fortsatt på eit høgt nivå i høve inntektene og det er fortsatt naudsynt å prioritere for å redusere gjelda ytterlegare.

Endring i arbeidskapital fortel i hovedsak om kommunen sin betalingsevne er bedra eller forverra. Den vert beregna som omløpsmidler med frådrag for kortsiktig gjeld, korrigert for endring i ubrukte lånemidler. Arbeidskapital er differansen mellom anskaffelse av midlar (inntekter og innbetalinger) og anvendelse (utgifter og utbetalinger) av midlar i regnskapet. Når anskaffelse er større enn anvendelse har arbeidskapitalen økt.

Begrepet arbeidskapital er misvisande då driftsregnskapet vert påverka av premieavvik (forskjellen mellom innbetalt pensjonspremie til livselskapa og beregna pensjonskostnad).

Oversikta syner at giske sin arbeidskapital er bedra frå 2020 til 2021, og at Giske kommune har betre arbeidskapital en gjennomsnittet i kommunegruppe 1. Dette kjem som følge av ubrukte lånemidlar.